



Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Villa Vågå Hotel

Dato: 30.11.2023

Tidspunkt: 12:00 - 17:00

Følgende faste medlemmer møtte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|-------------------|-----------|---------------|
| Bjarne Eiolf Holø | Nestleder | |
| Magnhild Vik | Medlem | |
| Mariann Skotte | Medlem | |
| Torbjørn Rødstøl | Medlem | |
| Per Magnus Berdal | Leder | |
| Inger Line Flydal | Medlem | |
| Live Langøygard | Medlem | |
| Edel Kveen | Medlem | |

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|--------------------|----------|---------------|
| Hans Kristian Enge | Medlem | |

Merknader:

Det ble ikkje kalla inn vara for Hans Kristian Enge.

SNO-Reinheimen v/Thomas Rødstøl hadde ei orientering om SNO sitt arbeid i verneområdet, og om status for store rovvilt med fokus på ørn og jerv.

Etter møtet var styret på gardsbesøk på Sve Gard.

Kvelden ble avslutta med middag på Villa Vågå Hotel, med ei markering for styreleiar Per Magnus Berdal som hadde sitt siste styremøte i Reinheimen etter 10 år og nesten 3 styreperioder.

Øvrige frammøtte:

| Navn | |
|--------------------|-----------------------|
| Kristine Sørli | Nasjonalparkforvaltar |
| Mari Melbø Rødstøl | Nasjonalparkforvaltar |

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Per Magnus Berdal
Sign.

Live Langøygard
Sign.

Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|----------------|--|--------|--------------|
| ST 45/2023 | Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar | | |
| ST 46/2023 | Referatsaker | | |
| | Oppdrag knytt til besøksstrategi Reinheimen - ny brosjyre 2023 | | 2022/11431 |
| | Rapport - brudd på vilkår - Trollstigen LVO - oppføring av posterings- og jaktbu til bruk under skadefelling av jerv - Steindalen - Valldal og Fjørå Beitelag | X | 2020/8174 |
| | Rapport - brudd på verneforskriften - Reinheimen NP - ulovlig innstallasjon i Steindalen | | 2023/11478 |
| ST 47/2023 | Delegerte saker | | |
| DS 46/2023 | Delegert sak - Reinheimen NP -Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - transport av utstyr - Langvatnet og Mebua - Grytten Fjellstyre | | 2023/13458 |
| DS 47/2023 | Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - ATV - transport fra Muldalsvika til gårdene på Muldal - Nils-Helge Muldal | | 2023/11472 |
| DS 48/2023 | Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - motorbåt - transport til hytte - Tunga - Per Ivar Aak | | 2023/11399 |
| ST 48/2023 | Vedtak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2023 - fasadeendring av naust ved Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak | | 2020/9155 |
| ST 49/2023 | Romsdalen lvo - dispensasjon - etablering av ny sti ved Eiafossen - 2023 - Rauma kommune | | 2023/14410 |
| ST 50/2023 | Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak i verneområde - diftsmidler - SNO ressurser - 2024 | | 2023/14153 |
| ST 51/2023 | Orienteringar | | |

ST 45/2023 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.11.2023

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Live Langøygard vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 46/2023 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.11.2023

Vedtak

Referatsaker vart teke til orientering.

ST 47/2023 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.11.2023

Vedtak

Delegerte saker vart teke til orientering.

ST 48/2023 Vedtak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2023 - fasadeendring av naust ved Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.11.2023

Behandling

Magnhild Vik og Per Magnus Berdal stilte spørsmål om sin habilitet for å behandle saka, da dei kjenner tiltakshavar.

Styret vurderte habilitetsspørsmålet utan at Per Magnus og Manghild deltok, men fann Magnhild Vik og Per Magnus Berdal habile til å behandle saka.

Innstillinga frå forvaltar vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen endrar på vilkåra for dispensasjon, behandla i nasjonalparkstyret 21.09.20 i sak 29/2022, slik at vindaug på vestsida av naustet kan behaldast.

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt.1.3.b), får Per Ivar Aak dispensasjon til å behalde det vindaug som allereie er sett inn på langsida av naustet.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Vindaug skal ikkje vere større enn 75X100 cm og skal plasserast på langveggen mot vest.
- Det kan settast på skoddar for vindaug.

Vi gjer merksam på at Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

ST 49/2023 Romsdalen Ivo - dispensasjon - etablering av ny sti ved Eiafossen - 2023 - Rauma kommune

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.11.2023

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3, punkt 1.3. bokstav j), får Rauma kommune løyve til å legge om stien ved Eiafossen i Romsdalen Ivo. Det gis dispensasjon til å bygge klopper og bruer der dette er nødvendig av omsyn til terreng og stislitasje.

Stien skal opparbeidast som ein innfallsport til verneområdet og må følgje dei krav som merkevara Noregs Nasjonalparker sett.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår

- Alle tiltak og endeleg stitrasé innanfor vernegrensa skal avklarast med forvaltar før igangsetting.
- Eldre hasselbuskar med ein stammediameter større enn 15 cm, samt rogn- og seljetrær med ein diameter større enn 20 cm, skal stå urørt om ikkje anna er bestemt i samråd med forvaltar og grunneigar.
- Terrenginngrepa skal være skånsom og minimerast til det som er nødvendig. Prinsipp for naturvennleg tilrettelegging (DN-håndbok 27-2006) og MU-rapport 2023-86 (Planlagt natursti Eiafossen - Sårbarhetsanalyse og forenklet konsekvensvurdering for naturtyper og flora) skal legges til grunn ved valg av stitrasé og inngrep.
- Visuell utforming og materialbruk skal følgje designmanual for Norges nasjonalparker.
- Ved opparbeiding av ny stitrasé skal det takast omsyn til naturverdiar i området, besøksgrunnlag, besøksgrupper og erfaringar frå eksisterande bruk.

ST 50/2023 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak i verneområde - diftsmidler - SNO ressurser - 2024

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.11.2023

Behandling

Styret fekk ei orientering om miljødirektoratet sitt forslag til fordelingsnøkkel for fast fordeling av grunnstøtte til nasjonalparkstyra, der det ligg inne eit forslag om at Reinheimen skal få tildelt kr. 100 000,- frå 2024.

Styret registrerer at det ikkje er ressurser til ei felles informasjonsstilling, og oppmodar til at det blir jobba vidare politisk med denne saka saman med Breheimen og Jotunheimen.

Samrøystes om innstillinga.

Vedtak

Nasjonalt parkstyret for Reinheimen prioriterer følgende tiltak i Reinheimen, inkludert SNO ressurser, for søknad til budsjettposten 1420.31 - tiltak i verneområde for 2024:

| | Namn | Tiltakstype | Verneområde | SNO behov | Beløp (eks.mva) |
|---|--|---|--|-----------|-----------------|
| 1 | Skjøtsel, Sterringen i Finndalen, Bjøknesetra i Lordalen, Horgheimsetra, Vermedalssetrene, Gravdehaug og Selen i Romsdalen | Skjøtsel- og /gjerding for bufe, No Fence, Slått og rydding, Slått og inngjerding | Finndalen lvo Lordalen lvo Romsdalen lvo | x | 200 000 |
| 2 | Hovudinnfallsport Billingen | Detaljprosjektering inngangsport infopunkt, nye gjerder, benker og bord, gjennomgang skilt og stigsystem, vedlikehold og tiltak på natursti I samsvar med sårbarhetskartlegging | Reinheimen NP | x | 400 000 |
| 3 | Informasjonspunkt - Bjorli | Mulighetsstudie, avklare informasjonstiltak i samarbeid med Dovrefjell-Sunnalsfjella. Forankra i besøksstrategien | Randsone, Reinheimen NP | | 100 000 |
| 4 | Innfallsport Trollveggen – ny stitrase | Ny stitrase ved Trollveggen/Eiafossen. Forankra i besøksstrategi, mulighetsstudie, forprosjekt og sårbarhetsanalyse. | Romsdalen lvo | x | 1 100 000 |
| 5 | Innfallsport Kløvstigen | Fullføre Kløvstien med klopper, steinlegging, skilting og rasteplasser. Leie av nofence geiter for skjøtsel på Trollstigfoten. | Trollstigen lvo | x | 220 000 |
| 6 | Hovudinnfallsport Trollstigplatået | Mulighetsstudie, avklare informasjonstiltak i samarbeid med Nasjonale turistveger/SVV, Rauma kommune | Trollstigen lvo | x | 100 000 |
| 7 | Informasjonspunkt Slettvikane – rasteplass, informasjonspunkt | Anleggsarbeid på informasjonspunkt rasteplass og parkeringsplass. Bord, benker, bålpluss og stabbesteiner. Naturrestaurering av gammel parkeringsplass | Trollstigen lvo | x | 780 000 |
| 8 | Gjennomføring av informasjonstiltak, jf. Besøksstrategien | Vedlikehold innfallsportar /infopunkt, trykking av nye plakatar og produksjon av skilt. Utskifting av skiltsystem etter prioritering og i trå med besøksstrategien | Reinheimen np og tilhørande lvo | x | 275 000 |
| 9 | Informasjonstiltak | Formidlingsprosjekt i regi av Norsk fjellsenter som prosjektansvarleg, og i samarbeid med Norsk | Reinheimen området | | 200 000 |

| | | | | | |
|----|------------------|--|---------------|---|------------------|
| | | tindesenter, Breheimsenteret og Breheimen. Spleiselag mellom autoriserte besøkscenter og nasjonalparkforvaltning | | | |
| 10 | 4 Ferdsestellere | Oppfølging Besøksstrategi | Reinheimen np | x | - |
| | SUM | | | | 3 375 000 |

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber om at sekretariatet melder inn behov for midlar frå budsjettposten 1420.21, for å dekke nødvendige driftsutgifter:

- Drift av nasjonalparkstyret for 2024: Driftsmidlane til nasjonalparkstyret skal kunne dekke minimum 4 fysiske møter, synfaringer, elektroniske møte / møte i AU-Reinheimen, kompetansedager for nye styremedlemmer i mars 2024, evt. nasjonalparkkonferanse/studietur. Driftsbudsjettet skal også dekke minimum eitt møte med rådgjevande utval og administrativt fagutval, og møter i samband med forvaltningsplan, skjøtselstiltak gjennomføring av tiltak i besøksstrategien.
- Revisjon av forvaltningsplan, jf. vedtak om oppstart, sak 49/2022 og innspel til oppstartsmelding, sak 44/2023 og godkjent prosjektplan:
 - Dialogmøter med kommuner og lokale aktører: **kr.30 000,-**
 - Kartlegging av kulturminner og verneverdige bygningar, samanstillе kunnskap og verddivurderingar, sårbarhetsvurdering, bygningar og bygningsmiljø, byggeskikkveileder i samarbeid med Innlandet og Møre og Romsdal fylkeskommune og kommuner: **kr. 50 000,-**
- Sårbarhetskartlegging av terreng og området langs Billingen natur- og kulturstig, Innfallspørt i randsone og innafor Einstullie naturreservat og Reinheimen nasjonalpark. Konsulenttenester MU: **kr. 45 000,-**

Etter tildeling av budsjettmidler til Reinheimen i januar/februar, vil nasjonalparkstyret for Reinheimen ta stilling til endeleg prioritering av tiltak for mogleg gjennomføring i 2024.

ST 51/2023 Orienteringar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.11.2023

Behandling

Styret fekk ei orientering om:

1. Selskapet Fred Olsen Rnewables ønskjer å vurdere moglegheiet for eit hybrid kraftanlegg på Slådalen/ fjellområda mellom kommunane Vågå, Lesja og Dovre, innafor Reinheimen-Breheimen villreinområde. Forvaltar har vore i kontakt med kommunedirektøren i Vågå for å peike på hovudutfordringane for villrein og naturverdier i området som kan verke negativt på nasjonalparken. Det har berre vore ei orientering, og er ingen sak i kommunane.

2. Tafjord Kraft planleggjer ei utskipingshavn for vatn i Muldalsvika, i Tafjorden som er ein del av Geiranger verdensarvområde, i ransona til Muldalslia NRog Geiranger Herdalen Ivo. Grunneigarane i Mulden er bekymra for at dette vil belaste verdensarvfjorden og området med langvarig støy, lysforureining og utslipp. Bekymringa er vidaresendt til Geiranger Herdalen Ivo og til Verdsarven, som er på saka.
3. Kompetansedagar for nye nasjonalparkstyrar (2024-2027)er under planlegging, og blir på Lillehammer for dei store verneområda med areal i Innlandet og i tilgrensande fylker.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek informasjon til orientering, og ber om at sekretariatet oppdaterer det nye styret.